

# **KVALIFISERINGSREGLAR FOR PULJEPLASSERING AV LØPARAR TIL LF/HL**

## **SOGN OG FJORDANE SKIKRINS**

Puljeplassering til LF og HL skal gjennomførast av krinstrenar og vedtakast i alpinksomiteen.

Det er i utgangspunktet samanlagt poengsum i kvar disiplin som avgjer puljeplassering.

Det skal i tillegg nyttast skjønn av krinstrenar i puljeplasseringa ettersom kvalifiseringsreglene ikkje kan ta høgde for alle utslagsgivande faktorar.

Faktorar som særleg skal vektleggast i skjønnsmessig vurdering puljeplassering er; skade, sjukdom, tidsdifferanse og mangel på gjennomførte puljeplasseringsrenn.

Poengfordeling i renn med manglande deltaking frå enkeltutøvarar, som med rimelegheit kan forventast at ville endra poengfordeling til vurderte utøvarar, skal også evaluerast.

Landsfinale (Telenorlekene):

Dei 4 beste omgangane i SL, dei 4 beste omgangane i GS og dei 2 beste omgangane i SG er teljande for puljeplassering til LF.

HL:

Dei 4 beste omgangane i SL, dei 4 beste omgangane i GS og dei 2 beste renn i SG er teljande for puljeplassering til HL. Ved puljefordeling til utfør og SG i HL vil treningsomgangane på HL bli vekta i same grad som avvikla puljeplasseringsrenn.

Poengfordeling:

1.plass = 20 poeng

2.plass = 15 poeng

3.plass = 12 poeng

4. plass = 10 poeng

5.plass = 9 poeng

6.plass -> nn = 8 poeng -> 0

Tal kvalifiseringsrenn: 4 SL, 4 SSL, 2 SG.

Skei, 11. april 2019

Sogn og Fjordane Skikrins, alpinksomiteen